



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 4

APRIL 1974

23. årgang

God påske!

Hva mener vi egentlig når vi gir hverandre denne hilsenen på 1. påskedag?

For mange betyr god påske en vellykket ferie med strålende sol og godt skiføre. Vi liker forresten alle å få vakkert vær i påsken.

Men det ligger selvsagt et dypere innhold i uttrykket: God påske! — I denne hilsen skjuler seg glede over det kristne påskebudskap.

Har det hendt noen gang at solen har strålt vakrere enn den morgenen Jesus gikk ut av sin grav? Påskemorgen betydde at hele verden våknet til noe nytt. Syndens herskermakt var nå brutt, og døden hadde møtt sin overmann. Nå kunne den gjenløste menneskehet løfte sitt frimodige blick mot den åpne Guds himmel. Den tapte evighet var vunnet tilbake. Siden den dag har det hvilt et strålende håp over våre gravsteder.

Påskemorgen slukker sorgen til evig tid.

Framh. s. 3.



Rektor om skolelaget

Rektor Torgeir Slåstad ved Orkdal Gymnas påstår han ikkje likar å skrive. Derfor må det bli intervju når han skal festast på prent. Han likar også tydelegvis å seia noe godt om laget. Det tar til med ekskursjon, Slåstad viser oss med glede Lagsrommet. Den einaste organisasjonen på skolen som har fått tillit til å disponere eige rom. Og rektor uttrykker på fleire måtar at Laget har vore tilliten fullt ut verdig.

Godt sessa på sjefens kontor etterpå får vi meddelt meir. Ikkje alltid har elevlar fått så fine ord. «Skolelaget er eit av fleire lag på skolen», seier Slåstad, «men det er det mest stabile laget. Det er aldri noe tull med arrangement, det dei driv med fungerer. Dei er veldig flinke slik».

«Føllolaget har makta lage eit miljøalternativ på skolen», meiner Torgeir Slåstad. «Det er mange som ikkje kan reknast som medlemmar av Laget i eigentleg forstand som har bruk for dette miljøet», meiner han. Han har inntrykk av at lagsfolk er respektert i elevflokket. Dei vågar å stå på sine standpunkt, det er ei gjensidig respekt i måten å vere på i elevflokket. Rektor nemner julefestane som noe spesielt kontaktskapende, og julemiddagane ein tidlegare hadde. «Da var det lags-

Framh. s. 4.



Korset, eit anstøt for kloke og vise, mang-ein enfoldig fekk love og prise. Korset på Golgata, gamalt det er. Nytt for kvar syndar som bøyer seg der.

Korset, ei gåte for heile min tanke, tankane framleis kring korset vil sanke. Korset det vinkar med tyngde: kom hit, — mange var vanskane før eg kom dit.

Korset er nakent, ein tverbjelke er - det. Gud i sin kjærleik mot syndarar, klær det. A, det var mange som vermde seg der, i reine og kvite og nystroknene klær.

Korset, eg treng det når børdet blir mange. Korset gjev kvile i natt-timar lange. kvar finn eg elles mi bergingsvon. utanom soning i Kristus, Guds son . . .

M. F. i Meldal menigh.blad.

Eg hadde sett meg føre at hos dykk ville eg ikkje vite av noen annan kunnskap enn Jesus Kristus og det at han er krossfest. Sjølv var eg både veik og redd og rådvill da eg kom til dykk, og når eg tala og forkynte, freista eg ikkje på å overtyde dykk med visdomsord, men eg let Ande og kraft føre prov, så trua dykkar ikkje skulle kvile på menne-skevisdom, men på Guds kraft.

1. Kor. 2, 2-4.

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkland.

3. 2. Håvard Hoston (Vinje k.)
24. 3. Marte Samskott
Anne Berit Reitan.

Orkdal.

24. 2. Stig Arild Blåsmo
Tore Halgunset
Roger Løftamo
Irene Halgunset
Grete Thoresen

3. 3. Ann-Kristin Bjørnnes
Siri Sivertsen
10. 3. Knut Olav Storøien
Trond Angelsen
Heidi Dørdal
Sara Omland

24. 3. Brage Gjønnes
Dag Rune Kvakland
Unni Berg.

Orkanger.

10. 2. Jan Kolbjørn Håkonsen
(Melhus k.)
2. 3. Kristin Jakobsen
(Strinda k.)
3. 3. Beate Kristin Teigseth.
Torunn Andøl.
17. 3. Torben Olav Wirkestad.



Vigde

Orkdal.

23. 2. Sverre Thoresen og
Torild Margareth Meland
2. 3. Ole Haugen og Ingrid Kuraas
16. 3. Steinar Halgeir Bakken og
Ingvill Synnøve Vatslag.



Døde

Orkland.

4. 3. Karen Emilie Fagerli f. 1886
15. 3. Kjerstine Buseth f. 1895
19. 3. Kristian Fagerli f. 1896
21. 3. Anne Grøtan f. 1893.

Moes-kjerka

I høve at det no blir arbeidd med å få att det gamle namnet på kjerka øvst i bygda rins det for meg at i min barndom var det ofte at folk her frå nedste del av bygda kjørte til Moes (genitiv) 2.dag jul for å høyre preika.

Var det godt ver og føre kunne det nok vera ein fin kjøretur; men på heimvegen etter gudstenesta kunne det og bli kappkjøring som sumtid endte med både velt og vondord.

Det var ørbyggene Ole Fredriksen Rømmesmo og ein bror av han som bygde Moes-kjerka i 1867. Ole hadde i sin ungdom kjøpt noko utmark av Rømme som han rудde og bygde hus på.

Plassen var kalla Bårdshaugen, og her bygde Ole etter kvart fleire hus som seinare er ombygde. Den første stuggu han bygde utgjør no nordenden av den stuggufløya på «Herregården» som ligg langs riksvegen, og på snikkarloftet der vart dørene og vindauga til Moes-kjerka laga.

Son til Ole, Jens O. Rømmesmo, som var siste private eigar av Nedre Rømme, var fødd i stuggu på Bårdshaugen og han fortalde ein gong eit minne han hadde frå barndomen der. Det er høge vindauga i Moes-kjerka og når karane på loftet skulle skjere tappar på rametrea, laga dei hol i golvet og stakk dei lange emna ned i daglegstuggu når dei spente dei fast i høvelbenken.

«Med arbeidet stod på måtte me gå der og passe oss for å gå oss borti dider lange trea», sa Jens.

Jon Asphjell.

Orkdal.

19. 2. Olaug Rigstad f. 1908
20. 2. Helga Brekken f. 1908
26. 2. Nils Oshaug f. 1894
28. 2. Karl Sigvart Holm f. 1896
14. 3. Sivert Gjønnes f. 1897.

Orkanger.

3. 3. Ole Bernhard Hegglund f. 1892
Magnar Ingvald Sletnes f. 1901
11. 3. Margido Ebbesen f. 1906
10. 3. Fritjof Mælen f. 1903
12. 3. Johan Holm f. 1891
21. 3. Fritjof Ekli f. 1897
Imanuel Fredsvik f. 1902.

Geitastrand.

17. 2. Anders SlettvoId f. 1912.

Frå Indremisjonen

Årsmøte i Orkladal fellesforening for indremisjonen vart haide på Svorkmo. Fellesforeninga si oppgåve er å samla vennene frå dei ulike foreningane til kvartalsmøter, for å oppbyggja kvarandre og for å samla inn pengar. Siste året var det sendt til kretsen ca. 3 500 kr.

Det er mange Vitnelag som er oppnemnd i dei mange foreningane, som skal vera med å forkynna Guds ord, der våre forkynnarar ikkje strekk til. Mange av Vitnelaga har vore lite ute i tjenesta, det er berre i Lensvika at det har vorte alvor av saken. Ole Tøndel og Lars Sterten har siste året hatt 56 møter.

Ola I. Kvam vart attvalgt til form. Nye styremedlemmer vart Jostein Dalen og Ole Tøndel, og i styret fra før Ola Bjørkhaug, Egil Aamot, Einar Børseth og Aslaug Bull. Revisorar Erik Bjørkhaug og Arne Dombu. Kåre Grøtte og Gunvor Hanshus gjekk ut av styret.

Lørdag tala Ivar Eggan på begge møta. Han nemde mellom anna at for å verta Guds medarbeidar må ein verta omvendt og frelst.

Søndag var Mikkel Grøtte og Asbjørn Klukstad talarar. Det var nemd kor viktig det er og be, vi må be for vår venneklokk at det må verta ein varm flokk. Må det ikkje verta eit ork og be, men ei glede.

Bjørn Hansen deltok med song lørdag og Rennebu musikklag søndag.

I gave til kretsen vart det gjeve ca. 600 kr.

G.H.

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
RØHME

7300 Orkanger

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Anny Bonde. Eva Andersen.
Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:
Sigmund Haugset.

Kasserar:
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.
Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Fra

Årsmelding for
Orkdal Sokneråd
1973

Det har i året 1973 vært avholdt 5 soknerådsmøter og behandlet 37 saker. Det har vært 2 menighetsmøter og menighetens årsfest.

Det var soknerådvalg i året som gikk og det var sjelden godt fram-møte. Det er gledelig å kan melde at kirkesøkningen har bedret seg. Vi hadde som kjent bispevisitas siste året, og sokneråda var samla på prestegården til trivelig samvær der arbeidet ble drøfta. Biskopen besøkte elles skoler, aldersheimer, sjukehuset m.m.

Prost Havdal sluttet ved nådd aldersgrense og soknerådet står i stor takknemlighet til det mange-sidige arbeide Havdal fikk gjort i Orkdal, — og ikke minst for den enkle og klare måte han forkynte Guds ord på. En hjertelig takk til Havdal og frue for tida i Orkdal. Som sokneprest og prost etter Havdal ble Kaare Rogstad tilsett og det er med glede og stor takknemlighet vi ønsker Rogstad og familie velkommen til samarbeid.

Lund-Berg sluttet som kallskap på Orkanger for å tiltre som sokneprest i Storelvdal. Hjertelig takk til

språktvang massemedia pressar inn på oss i dag kan føre til sjeleleg ubalanse samstundes som det stenger for det rotekte kulturskapande frå kvar persons indre. Ekte frisk trønderdialekt svinga seg fritt på historielagets årsmøte, og ein opplevde at orda hadde personlegdom i seg.

Vi veit at laget også har teke opp arbeidet med å samle inn og katalogisere gamle orkdalsuttrykk. Det blei stillsleg forbigått på årsfesten. Men kanskje nettopp dette arbeidsfeltet er det viktigaste for historielaget. Det er til vern mot sjeleleg og kulturell forflatning. Vi ønsker lykke til!

ige.

ES og NB! I den fullsette salen kunne ein ikkje sjå noen som røykte på 5 timar. Bravo!

Lund-Berg og med ønske om Guds velsignelse i den nye menighet. Kallskapellianiet på Orkanger har vært utlyst, men stillingen er ikke lyktes besatt. Arbeidsbyrden er alt for stor for to prester, så en må håpe det lykkes å få prest på Orkanger med det første.

De forskjellige arbeidsutvalg og nemder gjør et godt arbeide.

Ungdomsnemnda gjør et meget viktig arbeide mellom de unge. Diakonutvalget har lagt ned et betydningsfullt arbeide mellom eldre og syke. Bygningsutvalget har fått gjennomført endel opp-pussingsarbeide i kirka og kapellet.

Av ting som det arbeides med, og som var ønskelig snarest ble utført er gjerde rundt utvidelsen av kirkegården (urnelunden) og endel beplantning, særlig mot Gisvold. Videre reparasjoner av taket på kapellet, taket over barnesakristiet og oppmaling av kirka innvendig.

En takk til hver enkelt for gaver og forbønn. La oss frem for alt ha det rette siktepunkt i vårt arbeide for Guds rike: «At vi ser på troens opphavsmann og fullender, Jesus, han som for den glede som ventet ham, led tålmodig korset, uten å akte vanæren, og nu sitter på høyre side av Guds trone. Ja gi akt på ham som tålmodig har lidt en slik motsigelse av syndere, så I ikke skal gå trett å bli motløse i eders sjeler».

Hebr. 12, 2 - 3.

Orkdal Sokneråd,
Arnt Gangås, form.

God påske - - -

Framh. frå s. 1.

La dette herlige påskebudskap fylle oss med takk og glede. Så kan vi fryde oss over at Jesus lever, og lykkeønske hverandre med selvsopplevet hilsen: God påske!

ige.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Presentasjon av

Orkdal kr. skolelag

Norges kr. student- og skoleungdomslag har høgtida sitt 50års jubileum. Derfor lar vi Follolaget presentere seg sjølv i dag i rekka vår av opplysningar om kristeleg organisasjonsverksemd i Orkdal.

Sidan gymnasdagane har vi hatt eit rom i hjarte for «Laget». Det fekk avgjerande å seie for oss sjølve. Det er viktig for oss også å få gi ros til miljøet på Orkdal Gymnas. Etter ein vinters timeundervisning der har vi merka det framleis pulserer ånd i gymnaset. På lærarrommet har vi elles sett uttrykt eit positivt forhold til bygda.

Forutan intervjuet vi har med rektor Torgeir Slåstad, har desse tre laga stoffet: Berit Bakken frå Stadsbygd 3 E, Gunhild Bjørkhaug frå Meldal 2.Nf., og oppdalingen Ivar Nerhoel 3 Ra.

Rektor om skolelaget - - -

(Framh. frå s. 1).

folk som prega samværa», seier Slåstad.

Og han legg til: «Det er mange som kjem til gymnaset utan knapt å ha hatt kristne kameratar og veit at det finst unge kristne, for desse får skolelagsmiljøet avgjerande betydning. Dessutan synes eg skolelagsfolka er sunt redde for å isolere seg, enda ein kanskje kan sjå det er klikkmentalitet på skoleplassen og ofte. Men dette er ein vanskeleg balansegang det. Generelt sagt er dei redde for å skille seg ut».

Det er tydeleg at rektor Slåstad kjenner skolemiljøet enda han gong på gong presiserer at han har for lite kontakt med elevane i fritida. Slåstad meiner også at skolelaget har vore utadventd i bygdemiljøet. Han nemner Orkanger Ten Sing

som positivt i det å engasjere seg for ungdomsmiljøet i bygda. Han synes elles at skolelagskoret og KA-gruppa har presentert Orkdal Gymnas svært fordelaktig i større samheng. Vi minnest sjølv kor fint skolelagskoret frå Orkdal representerte gymnaset på sin Nord-Norgesturne i 1968, og kan under-skrive rektors ord.

«Eg trur faktisk», seier Slåstad, «at skolelagsmiljøet her har fått foreldre frå andre bygder å sende barna sine til Orkdal Gymnas. Men dette systemet passar ikkje inn i datamaskinopplegget vi no har ved gymnasopptak. Det er vel rett, men det er eit tap for miljøet her».

Vi spør om rektor har inntrykk av skolelagsmedlemene etter artium. Han gir uttrykk for den same beskjedne kontakt som før, men meiner at det har mye å seie at det er studentlag på universitet og høgskolar, det er veldig kontaktskapan-de for dei som kjem inn dit. Rektor hadde spesielt lagt merke til ei helsing til 50-årsjubileet frå ein krins orkdalslagsfolk i Oslo. Dei heldt tydeleg saman der.

Til slutt spør vi Torgeir Slåstad om ønsker for gymnasmiljøet. «Dei skulle eg vel hatt mange av», seier han. Han forklarar seg ut frå noe negativt: «Det er skuffande med ein tendens til meir fyll ved tilstel-lingar blant elevane. Eg vil ønske



Rektor Torgeir Slåstad

Frå Landsplan —

Når noen nevner Orkdal kr. Skolelag er det mange som tenker tilbake på ei god tid i Laget mens de gikk på gymnaset. Men mange vet vel knapt hva Laget står for.

La oss gi deg litt mer informasjon om dette. Hele lagsvirksomheten går ut på å samle kristne skoleelever om Jesus Kristus, vår Frelser. Jesus har gitt oss befaling om å gå ut til alle med evangeliet om frelse. Dette skal vi gjøre der vi ferdes i hverdagen. For oss som tilbringer dagen på skolebenken, blir det mest naturlig å gå ut blant skolekameratene. Dette er det egentlige formål med kristen lagsvirksomhet.

Orkdal kr. Skolelag er tilknyttet hovedorganisasjonen Norges kr. student- og skoleungdomslag. I disse dager feirer NKSS 50-årsjubileum. Derfor vil vi at alle skal få vite litt mer om det arbeidet som NKSS driver med.

På de aller fleste skoler, gymnas, lærerskole og ungdomsskoler drives det kristen lagsvirksomhet. De er alle tilknyttet NKSS. Lagene er selvstendige her som andre foreninger som er tilknyttet en bestemt organisasjon. Mange lag har såkalte voksenledere. Særlig for unge som går i ungdomsskolen har

framgang for lag og organisasjoner som kan skape alternativ til det lokale festmiljø som ikkje er bra.

Det kan vere politiske grupper, elevlag, kristent skolelag osv. Ein må skape grupper som viser at det er fornøyelse å vere saman utan fyll.

Eg meiner lagsfolk må vere merksam på at det er mange som ikkje fullt ut har slutta seg til laget, men som sympatiserer med mye av det dei står for, som i alle fall vil unngå dårleg miljø.

Vi forstår rektor slik at han meiner dette «mellomsjikt» er ei spesiell arbeidsoppgåve for skolelaget. Og det synest vi er ei klok utfordring.

ige.

voksenlederne stor betydning. Det er som regel hardt å drive lagsarbeid. Det er derfor godt å ha en voksen å ty til i vanskelige situasjoner. Alle disse voksenlederne er frivillige ledere, de får ikke lønn for sitt arbeid. De har sett hvor viktig lagsarbeidet er. Derfor er de villige til å ofre en del av sin fritid til det arbeidet.

I dag har NKSS 18 sekretærer på forskjellige steder i landet. Disse sekretærene kommer lagene til hjelp. Som regel får hvert lag besøk av sekretæren en gang i året. De har som oppgave å reise rundt i lagene for å hjelpe og oppmuntre lagsfolkene. I tillegg til disse er det 8 sekretærer som har hele landet som ansvarsområde.

Antall sekretærer er det største i Lagets historie. På grunn av dårlig økonomi har ikke Lagsbevegelsen hatt råd til å sette inn folk i alle stillinger. For å drive et arbeid må det skaffes penger. Det kan vi alle hjelpe til med å gi. Et gammelt ordtak sier: «Mange bekket små gjør ei stor å». Hvis vi vil være med å gi litt, kan vi få beholde alle disse sekretærene.

Det kr. skolelaget på Orkdal Gymnas er altså ett av de mange hundre lagene som er tilknyttet NKSS. Laget vårt er litt over 40 år. Da Laget ble stiftet, var det bare noen få kristne på gymnaset. Men Laget har vokst betraktelig siden det ble stiftet. I de siste årene har tallet på kristne vært ca. 50. Noen år flere, mens andre færre.

Mange unge vaklende kristne har blitt rotfestet gjennom Laget. Mens det var landsgymnas kom det elever fra alle kanter av landet. Det har hatt stor betydning for mange at det da fantes et kristent lag. Det er vanskelig å leve som en kristen uten å ha fellesskap med andre kristne.


I dag får vi også oppleve dette fellesskapet med Jesus Kristus. Det har så stor betydning for oss at vi får være sammen både som kamerater og som kristne brødre og søstre. Vi i Laget legger stor vekt på kameratskapet i tillegg til det åndelige fellesskapet.

SONG- OG MUSIKKMØTE

Svorkmo Misjonshus 26. 4. kl. 20. Lynutlodning.

Arr: Misjonshuset.

Les Luk. 12 13—34.



STABBURET - SYMBOL MED TRADISJON FOR FOLLO.

Tekster som omhandler vårt forhold til denne verdens rikdom, har alltid stått sentralt i forkynnelsen av Guds Ord, og emnet er vel ikke mindre aktuelt idag. Som borgere av et samfunn der vi har alt det vi trenger, vil det alltid være slik at vi stadig blir utsatt for den faren å sette vår lit til rikdommen og de materielle goder. Vi blir fornøyd med det vi har, og vi slår oss til ro med vissheten om at denne verdens rikdom vil gi oss en trygg og sikker framtid.

Jesus advarer på det sterkeste mot en slik holdning, han peker på rikdommens farer, og viser hvordan den fører med seg havesyke og misunnelse. Vi blir satt inn i et større perspektiv, der Jesus legger vekt på andre verdier enn de rent materielle, og viser hvor snevre tankebaner vi har og hvor lite rikdom i seg selv betyr.

Hvordan går det med den som setter sin lit til rikdommen? Vers 20 og 21 viser tydelig at våre evner og tanker ikke strekker til, og viser hvilken sammenheng vi er satt inn i. Vi må la disse ord bli en bønn om at vi må få se alvoret i det å være menneske. Det nytter ikke å se på all denne rikdommen vi omgir oss med og slå oss til ro med det. Vi er skapt i Guds bilde, Han ser oss og kjenner oss, og vil at vi skal leve livet i samfunn med Ham. Gud krever din sjel av deg. Du skal stilles

framfor en hellig Gud som ikke tåler synd og fordømmer alt det onde, din egoisme, din havesyke og den trangen du har til å sette deg selv og din egen rikdom i sentrum. Hva har du da å komme med? Hva skal du gjøre med alt det du samlet her på jorda og som du satte din lit til? Jesus formaner oss derfor til å være våkne og ikke la oss bli ført vill av denne verdens fristelse og farer.

Vers 31 gir oss oppskriften på et rett forhold til Gud: Egentlig er det bare en ting vi trenger, vi må først og fremst lære oss til å stole på Gud og til å komme med alle store og små problemer til Ham. Den som har lært seg å gå den veien, har også fått erfare at de bekymringer og sorger de gikk og bar på, egentlig ikke var noe problem. Jesus har sagt at vi kan avlegge all vår bekymring på Ham, derfor skal vi også slippe å gå rundt å være triste, mismodige mennesker som ser ut til å ha kommet direkte fra en forferdelse.

Bekymring er mistillit og vantro til Gud. Den gjør at vi kommer på avstand fra det samfunnet vi kom inn i ved frelsen. Vær på vakt!

Husk at Satan kjemper en intens kamp for å få deg på villspor og få deg bort fra samf. med Gud. Jesus er den eneste som kan redde deg. Først når du får gå til Ham å bekjenne din synd, kan du oppnå fred og trygghet. (J.N.)

— Til Orkdal

Follo-laget arrangerer forholdsvis mange samlinger i løpet av et skoleår. Styret, som blir valgt for hvert høst- og vårsemester, legger fram programmet ved begynnelsen av hvert semester. Det er en oversikt over de planlagte lagsmøter, week-ender og fester.

Høstsemesteret 1973 ble det arrangert seks vanlige lagsmøter, sangmøte, medlemsmøte, lagsweek-end, semestermøte og julefest. På de tradisjonelle lagsmøtene har vi besøk av forskjellige talere, bl.a. prestene i sognet, representanter fra de forskjellige misjonsorganisasjonene og folk som er ansatt i Lagsbevegelser. Vi kan få besøk av sangkrefter utenfra, men ofte er det lagsmedlemmene selv som bidrar med sang. På medlemsmøtene er det som regel «en av våre» som holder andakt. Men den viktigste programposten på et medlemsmøte er frie vitnesbyrd. På slike vitnemøter kjenner vi samhörigheten i Kristus på en særskilt måte. På sangmøtene er det naturligvis sangen som dominerer. Her deltar Lagskoret, mindre sanggrupper, duettsangere og grupper utenfra, — foruten allsangen.

Vi vil gjerne forkynne evangeliet gjennom sangen. Dessuten vil vi vise at sangen skaper glede. Hver høst stuer vi nesten hele bunten inn i en buss og reiser på week-end på Solhøgda leirsted. Der møter vi Laget fra Tingvoll gymnas. Disse week-endene er god avveksling fra det daglige miljø, og Lagene utveksler verdifulle tanker og erfaringer. På semestermøtene velges nytt styre, som straks går i gang med å forberede neste semester. Men det helt store høydepunkt i et høstsemester er julefesten. Det er et større arrangement hvor det møter opp lærere, foreldre, Follo-træler utenom Laget og tidligere lagsmedlemmer. Ut på våren har vi foreldrefest. Da blir foreldre og lærere spesielt innbudt.

Lagskoret har i år vel 30 medlemmer. Inger Marit Hagen er dirigent, mens søsteren Randi akkompagnerer. Vi har øvelse hver mandagskveld etter bønnemøtet. Koret har deltatt med sang på en god del tilstelninger ute i distriktene. Det gir

ny inspirasjon og sangerglede. Elters er hele Laget delt opp i bønnegrupper med bibelstudium. Disse møtes både i og etter skoletida. Hver onsdag i langpausen samles vi til andakt i Lagsrommet. Vi er forresten meget takknemlige over at skolens administrasjon lar oss få disponere et eget, nyoppusset rom på skolen. En gang i blant besøker vi aldersheimene på Fannrem og Orkanger, men disse besøkene blir dessverre så altfor sjeldne.

Hver måned gir Laget en Gi SELV-gave til Lagsbevegelsen. Lagsjobben har for det meste vært potetplukking på Eikli.

En egen gruppe innenfor Laget er KA eller kristenartianerne. KA har sine egne samlinger. Noen er spesielt beregnet på alle tredjeklassingene, mens de andre møtene blir brukt til å planlegge og forberede KA's misjonsturné etter eksamen. I år skal KA samle inn midler til et misjonsprosjekt i Japan.

Gud har velsignet oss rikelig gjennom dette skoleåret. Flere nye lagsmedlemmer har kommet til, og vårt ønske og vår bønn er at Laget må vokse fortsatt. Og du som ber — vil du også huske Laget på Follo, — vi trenger din forbønn!

(B.B. + G.B.)

Orkanger Gartneri

Blomster og planter til

barnedåp, bryllup og konfirmasjon.

Begravelser og ellers alle anledninger.

Orkdal Handelsgartneri

Blomster og planter

i rikt utvalg til alle anledninger.



Årsfestar

Både Orkdal og Orkanger sokn har avvikla menighetens årsfest. Frå årsmeldinga til Orkanger noterer vi: Soknerådet har hatt 10 møter, det har vore handsama 41 saker. Kyrkja har i 1973 fått høgtalaranlegg for høyreapparater. Det er innsett to kyrkjebøsser ved utgangen. Ny inngangstrapp skal også lagast, men er ikkje oppsett p.g.a. lite arbeidskraft. Årsmeldinga nemner elles at det var gledeleg biskopen hadde meir ros å gi for kyrkja på Orkanger no enn ved sist visitas. Dei ulike arbeidsgreiner blir nemnt, og også skikkeleg presentert på årsmøtet. Det blir presisert at samarbeidet mellom dei ulike arbeidsgreiner har vore godt. «Gud har gitt oss alle arbeidsordren. Oppgavene er lagt ferdige for at vi skal gå inn i den, hver på vår plass, med det samme sinnelag som Frelseren viste oss», står det.

Støylen skole

Både Svorkmospeidarane og Orkanger Ten Sing har i mars hatt weekendturar til Støylen skole. Dei første med 28 deltakarar og dei andre med 34. Fine opplevingar for oss som fekk vere med. Total mangel på disiplinvanskar.

Gullsmed Arnt Røhme

på Orkanger har vore så snild at han har forært Orkdal prosti eit vakkert signet i sølv. Det fanst ikkje noko signet som høyrde prostiet til, og då underskrevne tinga eit hjå Røhme, så ville han heller få lov til å forære prostiet eit.

Hjarteleg takk!

Kaare Rogstad.

Fleire byggesteg på Søvasskjølen.

Komiteen for fjellkyrkja har vedteke at arkitekt skal kontaktast for å skissere opp ei plan med førebels to byggesteg, men slik at ein kan kome vidare seinare om nødvendig. Det første må bli eit forsamlingsrom som også kan brukast som kafe, med kjøkken, toalettrom og noen få overnattingsplassar. Andre

Stort manns møte

Megården bedehus
fredag 26. april kl. 20.
Møteleiar: Kåre Gjønnes
Kjøkkensjef: Åge Garberg
Andakt: Tormod Hagen
Frå Sinai til Søvasskjølen
v. Inge Eidhamar.
Demonstrasjon og diskusjon.
Ta med godt med pengar.

Forbod mot kvinner.

Arr. Komiteen for Søvassli
fjellkyrkje.

byggesteg skal seinare koplatt til og vil ha meir kyrkjeprega rom.

All trafikken på Kjølén i mars månad har overtydd om på nytt at fjellkyrkja er ei utfordring som krev høg prioritet.

Vi viser til postgirokontoen og til manns møtet på Megården 26. 4. som vil drøfte planane grundig.

Tømmerstokkar i gåve.

På ein postgiroblankett påført kr. 90 til innsamlingskontoen sto det: «Anonym skogeigar - Fannrem. 3 stokkar — ca. kr. 30 pr. stakk. Helsing med Haggai 1,8». Og hos profeten står det: «Far opp i fjellet og hent tømmer! Bygg templet, så vil eg ha hugnad i det og visa min herlegdom der, seier Herren». Takk for skriftgrunna utfordring. Vi etterlyser fleire skog-eigarar.

Misjonselskapet

Orkdal fellesforening for Det Norske Misjonselskap har holdt sitt årsmøte på Orkanger 24. mars. Prost Rogstad og sekr. Hyldmo var talere. Oppmøtet fra foreningene var bra.

Det ble valgt 3 nye styremedlemmer for de som gikk ut, så styret ser nu slik ut:

Johan Hukkelås, Fannrem, ny Erling Solem, Søbergshaugan ny Gunnvor Ofstad, Geitastrand, ny Johan Halsteinli, Stokkhaugen Per Asphjell, Follo Gjertrud Solberg, Fannrem Randi Langvik, Geitastrand.

Varamenn: 1. Gudlaug Aae, Orkanger. 2. Borghild Slørdal, Orkanger. 3. Thorbjørg Wormdal, Gjølme.

I samlet sum fra alle foreningene tilsluttet Orkdal fellesfor. for Det

Norske Misjonselskap er innkommet i 1973 kr. 53.448,97.

Lagt i Guds hender vil det bli til hjelp for mange.

A. S. sekr.

Menighetens årsfest på
Svorkmo Misjonshus
Søndag 28. 4. kl. 19.00.

GAVER til bladet

GEITASTRAND :

Beret J. Ofstad kr. 20. Arne Sletvold 10. Andr. Meland 10. Karen S. Meland 10. Anne og S. Vattengård 10. John A. Ofstad 10. John Aasen 10. Leif Bjørnbeth 10. Annie Johansen 10. Dorteia Wesche 10. Sivert Sommervold 10. Helga og Ole Sletvold 20. Jens Kjøren 20. Jens Reitan 20. Gunerius Kjøren 15. Johs. Ofstad 20. Enok Husdal 20. Astrid og Torbj. Elverum 10. Henry Inge Husdal 10. Alfild og Sivert Ofstad 10. I. og J. Sletvold 10. Edv. Aursjø 10. Petter Sletvold 10. Edv. Almlil 15. Karen H. Sletvold 20. Aksel Magnussen 10. Andr. Husdal 10. Sigrild Halsen 10. Ida og Arn Isdal 10.

ORKANGER :

Oline Haugnes kr. 10. Aasta Jønsberg 10. Hildur og Adolf Næss 10. Målfrid og Arne Aaseth 10. Josefine Hukkelås 10. Margrete og Johs. Fosslund 20. Ragna Sletvold 10. Krokan 10. Klara og Hans Skrødal 10. Margot Breunig 10. Ragnhild og Erling Sommervold 10. Agnes og Finn Skauvik 10. Marit og Olaf Olsen 10. Ruth og Olav Olsvik 10. Ingebjørg og John Haugen 20. Olga Januschas 10. Egil Slørdal 10. P. og A. Solberg 10. Elfrid Sandgrind 10. Morten Monset 10. Leif Løseth 10. T. og O. Blåsmo 25. Stokke 10. Magnhild og Ivar Dørdal 10. Anna og Agnar Nervik 20. Aslaug og Jostein Kvakland 20. Ruth Dahl 20. Lene og Robert Knudsen 20. Anne og S. Fergestad 20. Ole Dragset 20. Oddveig og N. Sødahl 20. John Haug 10. Valborg og Arne Kr. Jensen 10. Anton Larssen 10. R. Paulsen 10. Elfrida Singstad 10. Anna Gaupties 10. R. og K. Nordli 10. Kari Roli 10. Grete og Arnt Meland 10. Wilhelm Rømmesmo 10. E. og J. Svorkmo 10. J. og K. Sommervold 10. Anders Forvemo 10. M. og N.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker Papir
Skolemateriell.

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo Handelssamlag

Pene dåpskjoler
til utlån.



Harald Hukkelås

Orkanger.

Eide 15. Inga Sletvold 10. Olav Gisvoldlökk 10. Mathilde Reitan 10. Emelie Larsen 10. Gudrun Kjøren 10. J. Skauge 10. E. Holt 10. Ulseth 20. Bendik Snildal 20. H. og L. Hårsaker 20. P. A. Sivertsen 20. Mary og Per Karlsen 20. Jenny Flåtsund 10. Sunniva Arnkværn 10. Ingv. Togstad 10. Mille Bakken 10. Otto Sæther 10. Marit Asphaug 10. Karen Knudseth 10. Leif Øien 10. Liv Opøien 20. Sigrild Trønsdal 10. Svend Solberg 10. Th. A. Martinsen 10. Aase Helvik 10. Gjertrud Johansen 10. Petter Nordheim 10. Olaug og Gunnar Gundersen 10. Aslaug og Ole Sognli 10. K. Kvarsnes 10. E. og L. Rostad 10. Tora Ljøkelsøy 10. Margit Viken 10. Kristmar Levin 20. Ragnar Karlsen 20. Mary Sneve 10. Ragna og Jens Dahlø 20.

„Herre eg er komen inn i dette ditt heilage hus“

Slik tar den første bønna i høg-messa til. Ved denne bønna blir vi minnt om at Herren sjølv er tilstades og at huset er heilag. Så krev dette somt av oss som kjem der. Vi viser vørndnad og høgtidsam stillhet.

Kjem vi i god tid så faldar vi hendene og bed om at samfunnet med alle dei heilage må bli oss til del. Treng vi å tale med kvarandre — så demper vi røysta. Det er viktig at vi mentalt førebur oss på å møte DEN HEILAGE gjennom ord og sakrament, — ved bønner, tekstlesing, salmesong og preike. Guds Heilage Ande vil virke gjen-

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, A. G. Nød-tvedt, Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsyssel og traktor.

Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

nom alt som går føre seg, — ikkje like eins på alle og ikkje ved dei same middel på alle.

Men alle som vil ha eit møte med DEN heilage Herre — får det.

Skulle vi av ein eller annan grunn koma etter at gudstenes-ta har tatt til, må vi meir enn elles akta oss for ikkje å forstyrre andres høgtid.

Er det fleire dører i kyrkjehuset er det best da å nytte dei som ligg lengst frå alterpartiet, og vi finn oss plass til sides for andre så vi vekker minst mulig oppmerksomhet. Ein spesiell ting treng kanskje ungdom å påminnast. Dette at det er lite vørdsamt mot vår Herre og Meister og sitte å jafse og velte på tyggummi. Den gjer det også umogeleg å vera med i salmesongen. Å syngja kan dei fleste av oss, om vi vel ikkje er storsongarar. Sit vi i kyrkja utan å delta i salmen — så kan det vera avdi vi ikkje kan syngja — men oftast er det da ei nådegåve som vi ikkje nyttar og slik under-slår frå Vår Frelsar. Song skapar andakt og glede. Den er til lovprisning, bøn og takk. Både i vanlege gudstenester, i gravferder og mest i brudlaup kan ein undra seg over kor lite song det er, - stundom Er songgleden på veg ut av folket vårt? tenkjer ein slike dagar. Men så kan ein andre gonger gleda seg over fyldig og glad salmesong, der alle slag stemmeklang finn kvarandre i eit heile. Slik er det meint.

Om vi på alle vis går inn for å fylgja med i gudstenesten, vil vi få møta Herren og høyra han. Han vil koma i samband med oss så han kan fortelja oss om våre feil, tilgjeva os vår synd og rusta oss for kvar-dagens plikter. Over og gjennom det heile vil han gjeva oss sin kjærleik.

Herren er i det heilage huset sitt. Det er han på ein heilt annan måte enn alle andre stader avdi kyrkja er vigsla til å vera ein stad der ordet vert forkynt og sakramenta rett forvalta. I Guds hus vil eit menneske få full visse om at Han verkeleg lever. Men vær med i bønna: «Herre eg er komen inn i dette ditt heilage hus» osb.

Kaare Rogstad.

Plassmangel gjer at det tar litt tid med kvittering for bladpengar. Men det kjem!



GUDSTENESTER

Palmesøndag - 7. april.

Orkdal. Eidhamar.

Orkland. Rogstad.

Geitastrand kl. 15. Eidhamar.

Orkanger kl. 19. Rogstad.

Ved alle gudstenester offer til Kirkens Nødhjelp.

Innlevering av fastebøsser.

Skjærtorsdag - 11. april.

Orkdal. Rogstad. Nattverd.

Orkland. Oskar Jønland og Eidhamar. Nattv.

Offer til Misjonssambandet.

Orkanger aldersheim kl. 16.

Eidhamar. Nattv.

Orkdal aldersheim kl. 16.

Rogstad. Nattv.

Langfredag - 12. april.

Orkanger. Eidhamar. Nattv.

Orkdal kl. 20. Rogstad.

1. Påskedag - 14. april.

Orkdal. Rogstad.

Orkland. Eidhamar.

Geitastrand kl. 15. Rogstad.

Orkanger kl. 17. Eidhamar.

Offer ved alle gudstenester.

1. s. e. påske - 21. april.

Stokkhaugen. Rogstad.

Grendstugu Evjen. Eidhamar.

Orkanger kl. 17. St. Georgsdags-gudst. Eidhamar.

2. s. e. påske - 28. april.

Orkdal. Rogstad. Konfirmantsamtale.

Orkanger. Eidhamar. Konfirmantsamtale.

Det blir konfirmasjon i Orkdal og Orkanger 5. mai, og i Orkland og Geitastrand 12. mai.